



Steffen Rosland  
Skurtveitvegen 33  
5917 ROSSLAND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/1752 - 22/52673

Saksbehandlar:  
Siril Therese Sylta  
siril.therese.sylta@alver.kommune.no

Dato:  
27.06.2022

## Svar på spørsmål til søknad om frådelling - gbnr 348/1 Skurtveit

Viser til din e-post datert 10.06.2022 der du ber om svar på fleire spørsmål vedkomande saksgang for din søknad om frådelling.

Det er beklageleg at du vart opplyst om at saka skulle til politisk handsaming før det var endeleg avklart hos oss, og at prosessen vart annleis enn det du vart forklart.

I alle vedtak som vert gjort hos oss, er det ein sakshandsamar som førebur saka og sender til godkjenning til leiar. Dette vert gjort som leidd i vår kvalitetssikring i sakshandsaminga. I di sak var det foreslått eit vilkår frå sakshandsamar som reint juridisk ikkje ville stått seg, det var difor trong for å vurdere saka meir før det vart fatta vedtak, og vurdere saka i forhold til andre liknande saker.

På bakgrunn av det vart sakshandsaminga noko forlenga, og det vart gjort eit administrativt vedtak i staden for eit politisk vedtak.

Eit saksframlegg/vedtak som ikkje er endeleg godkjent hos oss, er eit dokument under arbeid og er unntatt for innsyn jf. Offentleglova § 14. Vedtaket som er godkjent, datert 17.06.2022, er sendt ut til deg som søkjar i saka.

Når det gjeld rekkefølga på avklaring etter dei ulike lovverka, kan det variere kva interesser som det er viktigast å få avklart i sakene. I denne saka har landbruk gjeve uttale til søknad om dispensasjon og frådelling etter plan- og bygningslova. Før sjølve vedtak frå frådelling kan skje, må det og ligga føre eit vedtak etter jordlova for deling. Etter det vart gjeve dispensasjon, så er saka oversendt avdeling for landbruk for vedtak etter jordlova. Når det ligg føre vedtak etter jordlova, så kan søknad om frådelling handsamast.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Arealforvaltning

Siril Therese Sylta  
tenesteleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Steffen Rosslund

Skurtveitvegen 33

5917

ROSSLAND